


Hovuddrag i utviklinga av norsk ordlaging

Av Philipp Conzett

1 I opphavet var Ordet

Ord er på mange måtar dei mest sentrale byggjeklossane i språket. Språkbrukarar flest oppfattar truleg ord som dei minste delane språket er bygt opp av. Heilskapen av alle ord i eit språk, ordtilfanget eller leksikonet, er eit strukturert system der dei einskilde orda står i relasjon til kvarandre. Når språkbrukarane så skal laga nye ord, tek dei utgangspunkt i slike strukturerte ordklyngjer eller ordsamband. Nylagingar skjer i fyrstninga i analogi med nokre få eksisterande ord. Etter kvart som fleire ord er laga på same måten, kan det oppstå ordlagingsmønster. Ordleging handlar altså om korleis språkbrukarar lagar nye ord basert på mønster i ordtilfanget.

Ordleging fører til endringar i ordtilfanget, men det er forska lite på korleis sjølve ordlagingssystemet endrar seg (jf. Munske 2002: 23). Denne forsøminga er til dels ein konsekvens av dreininga som skjedde innanfor språkvitskapen i førre hundreåret mot meir strukturalistisk-synkrone tilnærmingar (jf. sst.). Målet med denne artikkelen er å skissera nokre av hovudlinene som norsk ordlaging har utvikla seg langs ifrå urnordisk og fram til i dag. Framstillinga er lagd opp som eit oversyn over kva slag typar endringar som har skjedd i ordlagingssystemet. Med utgangspunkt i Munske (sst.: 26) er det i figur 1 gjort framlegg om korleis vi kan dela inn dei ulike endringstypane. Vi skal gå igjennom dei ulike typane i den rekkjefylgia som er synt i figuren. Til slutt kjem vi òg kort inn på moglege årsaker (del 6).



Figur 1: Hovedtypar av ordlagingssendringar

2 Framvokster

Det er særleg to prosessar som har vore sentrale i framvoksteren av nye ordlagingsmønster, leksikalisering og (re)analyse.

2.1 Leksikalisering

Omgrepet leksikalisering er i litteraturen nytta om ulike ovringer. Denne framstillinga byggjer på definisjonen til Brinton og Traugott (2005: 96):

Lexicalization is the change whereby in certain linguistic contexts speakers use a syntactic construction or word formation as a new contentful form with formal and semantic properties that are not completely derivable or predictable from the constituents of the construction or the word formation pattern. Over time there may be further loss of internal constituency and the item may become more lexical.

Av definisjonen går det fram at leksikalisering kan ta utgangspunkt i syntaktiske konstruksjonar, men også i morfologisk komplekse ord.

2.1.1 Leksikalisering til samansetning

Leksikalisering av den fyrste typen går ut på at to sjølvstendige ord som ofte står attmed kvarandre i ein syntaktisk konstruksjon, vert dregne i hop til ei eining. Dette er ein prosess som har skjedd og som skjer jamleg i språket. I nyare tid ser vi det t.d. i at *grøn te* hos somme talarar er vorte

til *grønte*. Slike samansette ord kan så i andre omgang tena som eit meir generelt mønster for å setja saman ord. På det viset har den fyrste typen leksikalisering gjeve opphav til ordlagingsstypen samansetting.

Frå ein diakron synsvinkel er det vanleg å skilja mellom to typar samansetting som har oppstått i ulike periodar av språkhistoria. Den fyrste typen har røter attende til indoeuropeisk tid, før framvoksteren av ordbøyning. Denne typen finn vi igjen i gamalnorsk og moderne norsk som samansetting utan fuge. Jamfør t.d. gamalnorsk *elgskógr* ‘elgskog’, *svartblár* ‘mørkeblå’ og notidsnorsk *bildør*, *halvferdig*.

Den andre typen samansetting har oppstått etter framvoksteren av ordbøyning. Til skilnad ifrå leksikalisersprosessen som har resultert i den fyrste typen, er det no bøyingsformer som veks i hop. Det er for meste bestemmarlekkar i genitiv som på den måten vert til førelekkar i samansette ord. Eit vanleg syn i litteraturen er at slike såkalla leksikaliserte «kasussamansetningar» ikkje kan gjeva opphav til ein ny samansettingstype før dei opphavlege kasusformene, dvs. førelekkane, er omtolka som samansettingsformer. Det inneber at dei elementa som svarar til kasusending i dei tilsvarannde sjølvstendige substantiva, no har fått status som fugeelement. Difor kan vi kalla den andre typen samansetting for samansetting med fuge. I gamalnorsk er det fyrst og fremst *-s-*, *-a-*, *-ar-* og *-u-* som opptrer som fugeelement med substantivisk førelekk. Døme på det er *laukshofuð* ‘laukhovud’, *hestastallr* ‘hestestall’, *matarkyn* ‘matslag’ og *stofuhurð* ‘stovedør’.

2.1.2 Leksikalisering til affiks

Den andre typen leksikalisering tek utgangspunkt i morfologisk komplekse ord, eller nærmare bestemt samansetningar og samlagingsar. I denne prosessen vert etterlekkar degraderte til avleiingssuffiks, som illustrert i Tabell 1. Av substantiviske avleiingssuffiks er det *-dom*, *-leik* og *-skap* som har sitt opphav i etterlekkar. Hjå adjektiva er dei på *-lig*, *-sam* og *-laus*.

Substantiv:	* <i>dōmar</i> ‘eigenskap, tilstand, eigenart’ > <i>-dóm</i> , t.d. <i>sjúkdomr</i> ‘sjukdom’
	* <i>laikar</i> ‘rørsle’ > <i>-leik</i> , t.d. <i>leikr</i> ‘djervskap’
	* <i>skapir</i> ‘skapnad, form’ > <i>-skap</i> , t.d. <i>vinskapr</i> ‘vennskap’
Adjektiv:	* <i>līka</i> ‘skapnad’ > <i>-lig</i> , t.d. <i>prestligr</i> ‘presteleg’
	* <i>samar</i> ‘same’ > <i>-sam</i> , t.d. <i>angrsamr</i> ‘plagsam’
	gn. + <i>laus</i> , t.d. <i>próflauss</i> ‘provlaus’ (jf. <i>lauss</i> ‘utan’) > nno. <i>-laus</i> , t.d. <i>trådlaus</i>

Tabell 1: Leksikalisering av etterlekkar

Etterlekkar som vert råka av leksikalisering, inngår ofte i ei rekkje samansetningar med klåre fellestrek. På det viset kan dei få ei meir generell tyding enn det tilsvarande sjølvstendige ordet. Ofte endrar det tilsvarande sjølvstendige ordet også tyding. Til dømes går suffikset *-dóm* attende på eit sjølvstendig ord som historisk sett er same ordet som *dom*, som vi framleis har i språket vårt. Men i dag tyder ordet først og fremst ‘avgjerd’ eller ‘vurdering’. I urgermansk derimot hadde det, den gongen i forma **dōmar*, òg ei anna tyding, nemleg ‘eigenskap, tilstand, eigenart’, men denne tydinga har seinare gått tapt (jf. Bjorvand og Lindeman 2000: 146).

Suffiksavleiingsmönstra som er framstilte i tabell 1, har oppstått i urnordisk tid, med unntak av *-sam*, som truleg vart leksikalisert allereie i fellesgermansk tid, og *-laus*, som har skift morfologisk status ifrå etterlekk til suffiks etter gamalnorsk tid. Vidare ser vi at overgangen til avleatingsaffiks i somme tilfelle involverer ljodleg reduksjon av det involverte segmentet. Såleis vert utljoden i *-līk* redusert til *-g* [-ɣ].

2.2 (Re)analyse av motivasjonsmønster

Ved sida av leksikalisering er det særleg (re)analyse som har resultert i nye ordlagingsmønster. Tilhøvet mellom desse to prosessane er omdiskutert i litteraturen (jf. Brinton og Traugott 2005: kap. 3). Her er (re)analyse forstått som ein prosess der motivasjonssamband i ordtilfanget vert (re)aktiverte som mønster for laginga av nye ord på eit vis som skil seg ifrå tidlegare språksteg.¹

2.2.1 (Re)analyse av motivasjonsmønster mellom heimlege ord

Når det gjeld heimlege ord, er det ofte formelle og semantiske endringar som fører til slik (re)analyse. Det første dømet vi skal sjå på, er framvoksteren av kortavleiling. Denne ordlagingstypen går attende på gamle suffiksavleiinger. Som vi nettopp har sett, kan etterlekkar i samansetningar verta leksikaliserte til avleiningssuffiks. Men leksikaliseringssprosessen kan gå endå eit steg vidare. Eit avleiningssuffiks kan verta redusert

1. Grunnen til at prefikset *re-* er sett i parentes, er at dei einskilde språkbrukarane som regel analyserer eller aktiverer eit gjeve motivasjonsmønster for fyrste gongen. Det er mest når vi ser på språket som sosial norm (“langue”) og jamfører det på ulike språksteg at det er grunn til å snakka om ein reanalyse eller reaktivering.

til ein del av stomnen. Vi kan illustrera det med dei to substantiva *draum* og *saum*. Begge orda er truleg komne til ved suffiksavleiring på *-m* før urnordisk tid (jf. Krahe og Meid 1969: 125). Ordet *draum* (gno. *draumr*) går attende på urnordisk **draugm(ar)* ‘gjeremål’, og ein meiner at det opphavleg er avleidd av eit verb som tydde ‘utføre’, og som kan rekonstruerast som urnordisk **driug(an)* (Bjorvand & Lindeman 2000: 157). Tilsvarande skal urnordisk **saum(ar)* vera avleidd av eit verb som tydde ‘sy’, og som er rekonstruert som **siu(an)* i urnordisk (sst: 895, 904). Men alt i urnordisk er *-m* ikkje lenger noko produktivt verbalsubstantivavleingssuffiks. Segmentet [m] har vorte ein del av rota i desse to substantiva.


Ein går ut ifrå at dei fleste orda som i urnordisk tid har rotordstruktur, tidlegare har vore morfologisk komplekse. Også dei såkalla stomsuffiksa kan sjåast på som restar av gamle avleingssuffiks. Men når vi kjem til det urnordiske språksteget, er det ikkje lenger grunnlag for å skilja ut noko fast stomsuffiks. Særs tydeleg er det i ord som tradisjonelt er kalla for *a*-stomnar, som t.d. hankjønnsordet *laukar* ‘lauk’. Her er stomsuvaken om tolka som (ein del av) bøygningsendinga (Sg. N. *lauk-ar*, A. *lauk-a*; Pl. A. *lauk-an*, G. *lauk-as*), eller “smelta” saman med (ein del av) bøygningsendinga (Sg. D. **lauka-i* > **lauk-ē*; Pl. N. **lauk-ōR*, D. *lauk-umR*, G. **lauk-ō*).

Når gamle segmentale avleingsmarkørar har falle bort, er det berre likskap mellom ordstomnar som formelt kan uttrykkja motivasjonssamband mellom leksem. Det er illustrert med dei to urnordiske motivasjonsmønstra i (a) i tabell 2. Både *fall* og *laup* er truleg opphavlege suffiksavleingar, men når vi kjem til urnordisk, er det berre den identiske stomsen som formelt uttrykkjer sambandet mellom verb og verbalsubstantiv. Det er slike motivasjonsmønster som i løpet av urnordisk tid gjev opphav til kortavleiring som ny ordlagingsstype. I (b) ser vi to nylagingar, éi frå gamalnorsk, *brak*, og éi ifrå nyare tid, *kræsj*.

a. Gamle motivasjonssamband:	urn. * <i>fall(a)</i> n. ‘fall’ : * <i>fall(an)</i> v. ‘falle’ urn. * <i>hlaup(a)</i> n. ‘hopp’ : * <i>hlaup(an)</i> v. ‘hoppe’
b. Nye avleiningar:	gno. <i>braka</i> v. ‘brake’ → <i>brak</i> n. ‘brak’ nno. <i>kræsje</i> v. → <i>kræsj</i> m. n.

Tabell 2: Kortavleing veks fram

Om vi fylgjer grammatikaliseringsteorien, kan vi ut ifrå diskusjonen så langt postulera ei utviklingshistorisk rekjkjefylge i framvoksteren av hovudordlagingsstypane i norsk, som skissert i figur 2. Utviklinga byrjar med ordskaping, altså den opphavlege prosessen der ord vert laga utan å ty til eksisterande ord. Ordskaping er utgangspunktet for all ordlagning, og i fyrste omgang for ordlagingsstypen samansetjing. I den vidare utviklinga byggjer segmental avleiring på samansetjing, medan kortavleiring spring ut av redusert og (re)analysert suffiksavleiring.



Figur 2: Framvokster av hovudordlagingsstypar

Også innanfor meir spesifikke ordlagingsmønster kan ein (re)analyse av motivasjonssamband føra til at nye variantar veks fram. Ein type prosess som har skjedd i fleire ordlagingsmønster, er at samansetjings- og avleingsbasen har vorte utvida til fleire ordklassar. Som regel er det verb som på den måten har vorte innlema som ny basetype. Figur 3 illustrerer korleis denne prosessen har skjedd i substantivisk samansetjing.

- a. gno. *fararhestr* ‘reisehest’, jf. *før* ‘ferd, reise’ ← *fara* v. ‘fare’
gno. *reffsingarmaðr* ‘refsar, straffar’, jf. *reffsing* ‘refsing’ ← *refsa* ‘refse’
- b. gno. *leyningata* ‘løynveg, hemmeleg veg’, jf. *leyni* n ‘skjulestad’ ← *leyna* ‘løyne’
- c. urn. **launi-* : **launija* n : **launijan* v.

$$\underbrace{\quad\quad\quad}_{\Rightarrow [[X_V] + [X]]}$$
- d. gno. *sendibréf* ‘sendebrev’, jf. *senda* v. ‘sende’ (**sendi* subst.)
gno. *lærimeistari* ‘lærar’, jf. *læra* v. ‘lære’ (**læri* subst.)
- e. nno. *beremeis, lesesal, spåmann*

Figur 3: Utviding til verbale basar i samansetjing (jf. Falk 1888: 361f., 369)

I eldre germanske språk finst det ingen, eller berre nokre få belegg på samansetningar med verbal førelekk, og ein går difor ut ifrå at denne samansettingstypen ikkje finst i fellesgermansk tid (Carr 1939: 195). I gamalnorsk er det vanleg å brukha eit verbalsubstantiv som utgangspunkt når ein skal laga samansetningar der førelekken har verbalt innhald. Til dømes ser vi i (a) at det heiter *fararhestr* og *refsingarmaðr*, med høvesvis verbalsubstantiva *før* og *refsing* som base 1. Dømet i (b) syner at somme verbalsubstantiv som tener som base 1 i gamalnorsk, sluttar på *-i*. Utgangspunktet for førelekken i ordet *leynigata* er verbalsubstantivet *leyni*, som er avleidd av verbet *leyna*. Førelekken i slike samansetningar kan tolkast som verbalstomn av såkalla *ija*-verb i urnordisk. Som vist i (c), kan førelekken **launi-* tillegg til verbalsubstantivet **launija* òg setjast i direkte relasjon til verbet **launijan*, som jo faktisk ligg til grunn for verbalsubstantivet. Ei slik (re)analyse kan då gjeva opphav til eit nytt samansettingsmønster med verb som base 1. Det indikerer i alle fall dei svært få gamalnorske samansetningane av typen *sendibréf* og *lærimeistari*, som vi ser i (d). Vi har ikkje belegg på noko verbalsubstantiv **sendi* eller **læri* i gamalnorsk, og det verkar difor rimeleg å sjå på *sendibréf* og *lærimeistari* som resultat av verb + substantiv-samansetting. Seinare er dette mønstret utvida også til andre verb enn *ija*-verb. Det ser vi i døma *beremeis*, *lesesal* og *spåmann* i (e).

Ei tilsvarende utviding av basetype har skjedd i ei rekkje suffiks-avleiingsmønster. Prosessen er illustrert i figur 4 med eit substantivisk og eit adjektivisk avleiingsmønster. Det fyrste suffikset er *-ip*, som i utgangspunktet laga adjektivabstrakt i urnordisk. Til dømes er **fagriþō* i (a) avleidd av adjektivet **fagrar*. I somme tilfelle er det til adjektivet òg laga eit verb. Som synt i (b) går både substantivet **fūsipō* og verbet **fūsijan* attende på adjektivet **fūsar*. Motivasjons-samband som dei mellom **fūsipō* og **fūsijan* har altså oppstått indirekte, men dei kan i andre omgang tena som grunnlag for nye, deverbale lagingar. Eit døme på det er substantivet **hafnipō* i (c), som er avleidd av verbet **hafnijan*.

Utdelinga i det adjektiviske avleiingsmønstret på *-aktig* har gått føre seg på tilsvarende vis. Utgangspunktet er at suffikset vert lagt til ein substantivisk base, som i *løgnaktig* i (d). Men stundom kan avleiinga relaterast til både eit substantiv (jf. *sladder*) og eit sekundært verb (jf. *sladre*), som vist i (e). Gjennom slike tilfelle av doble motivasjonssam-

- urn. -*ib*: a. **fagriþ(ð)* f ‘fagerdom’ : **fagr(ar)* adj. ‘fager’
 b. **fūsiþ(ð)* f ‘hug’ : **fūs(ar)* adj. ‘huga på’ : **fūs(ijan)* v. ‘ha hug til’
 [*fūs(ar)*]
 ⇒ [[X_V]-*ib*] (Krahe & Meid 1969:145)
- aktig*: c. **hafniþ(ð)* f ‘hemn’ ← **hafn(ijan)* v. ‘hemna’
 d. *løgnaktig* adj. : *løgn* f
 e. *sladderaktig* adj. : *sladder mn* : *sladre* v.
 [*sladder mn*]
 ⇒ [[X_V]-*aktig*]
- f. *sløsaktig* adj. ← *sløse* v.

Figur 4 Utviding til verbale basar i suffiksavleiring

band vert mønstret utvida til å inkludera verbale basetypar. Avleiringa *sløsaktig* i (f) kan stå som døme på slik deverbal avleiring.

Nye variantar av eksisterande ordlagingsmønster kan også koma til gjennom semantisk (re)analyse. Det har t.d. skjedd med avleingsmønstret for personnemningar på -*ar*, altså typen *bake* v. → *bakar* m. Somme av desse nemningane er i overført tyding nytta om reiskapar og instrument, som t.d. *skrivar*. Frå slike metaforiske utvidingar er det eit lite steg til at det oppstår eit nytt mønster for reiskapsnemningar. Det vitnar t.d. avleiringar av typen *ladar* (← *lade* v.) om.

2.2.2 (Re)analyse av motivasjonsmønster mellom importord

Ei anna viktig kjelde til framvoksteren av nye ordlagingsmønster er ordimport. Ein føresetnad for at ordimport kan føra til nye mønster, er først at fleire morfologisk komplekse ord av same typen vert lånte inn, og for det andre må desse orda oppfattast som nokolunde morfologisk transparente av språkbrukarane. Om det er tilfellet, kan det etablerast strukturerte samband mellom dei, som så kan aktiverast som mønster for å laga nye ord.

Vi kan illustrera denne prosessen med avleierungssuffikset -*ar*. Allereie i tidleg germansk vert det lånt inn latinske substantiv på -*arius*, men til gamalnorsk kjem slike ord mest via mellomlågtysk og gamalengelsk. Stundom vert både avleiring og grunnord lånte inn. Til dømes har gamal-

norsk lånt inn både *mylnari* m ‘møllar’ og *mylna* f ‘mølle’, begge truleg ifrå gamalsaksisk eller gamalengelsk (de Vries 1977: s.v.). Dei sekundære motivasjonssambanda som oppstår mellom slike ord, dannar så grunnlaget for eit nytt avleiemønster på *-ar*. Såleis er *kambari* m ‘kammakar’ avleidd av *kambr* m ‘kam’.

Ei rekke sentrale suffiksavleiemønster har sprunge ut av importord, i hovudsak ifrå (låg)tysk og ofte formidla gjennom dansk. Av substantiviske suffiks kan vi nemna *-heit* (jf. *rettighæit*, DN II 319 1353 Bagahus/Båhus; Seip 1955:329) og *-eri* (jf. *Fiskeri*, DN XXI 2 1297 Oslo). Hjå adjektiva er det særleg *-bar* (jf. eldre nydansk (1500–1700) *strafbar*; Skautrup 1947: 238), *-aktig* (jf. dansk på midten av 1400-talet *lifagtilig*; sst: 91) og *-messig* (jf. dansk på midten av 1700-talet *regelmæssig*; Kjelds 1954: 153f.). I tillegg er det adverb på *-vis* (jf. *korswiis*, DN XI 623 1535 Österaat; Kinn 2007: 16).

Endringane vi har sett på så langt, har alle resultert i nye ordlagingsmønster eller variantar av eksisterande mønster. Det er berre få endringar som ikkje fører til at eit nytt mønster oppstår, eller at eit eksisterande mønster sluttar å vera verksamt. Vi skal her diskutera to slike typar, formelle og funksjonelle endringar.²

3 Formelle endringar

På formsida er det fyrst og fremst ljodendringar som råkar utsjånaden på ordlagingselement. Mest utsette er vokalar i trykklett stilling. Dei gamalnorske samansettjingsfugevokalane *-a-*, *-u-* og *-i-* har i somme dialektar og i skriftspråket vorte reduserte, for det meste til *-e-*. (jf. *hestestall*, men gno. *hestastallr*). På same viset er vokalen i visse suffiks redusert til *-e-*. Til dømes har avleierungssuffikset *-ar* vorte redusert til *-er* i somme dialektar og i bokmål (jf. *forsker*, men gno. *kennari*).

2. Endringar som resulterer i nye ordlagingsmønster, kan òg klassifiserast som formelle og/eller funksjonelle. Alternativt til inndelinga som eg presenterte i figur 1, kunne ein ha laga eit overordna skilje mellom formelle og funksjonelle endringar. Innanfor kvar av dei to typane kunne ein så vidare skilt mellom endringar som fører til framvokster eller bortfall av ordlagingsmønster, og slike som ikkje gjer det.

4 Funksjonelle endringar

Den andre endringa vi skal sjå på, har med basestrukturen i samansetjing å gjera. Ein ting som skil moderne norsk ifrå gamalnorsk, er at grunnforma til ord i moderne norsk i mykje større grad er identisk med forma på førelekken i samansetningar. Særleg tydeleg er skilnaden om vi jamfører gamalnorsk med bokmål. I gamalnorsk er det svært sjeldan at førelekken i ei samansetning er identisk med grunnforma i det tilsvarande sjølvstendige ordet. Eit unntak er sterke hokjønnsord, som t.d. *sól* ‘sol’ (jf. *sólskin* n ‘solskin’). I bokmål derimot er det nesten alltid samsvar mellom dei to formene.

Den vanlege måten å analysera base- og fugestruktur i gamalnorsk på, er å sjå på samansetjing som stomnbasert. Førelekken er altså identisk med stommen i base 1. I tillegg kan det koma fugeelement, som t.d. *-u-* i *stofuhurð* f ‘stovedør’ (jf. *stofa* f ‘stove’) og *-i-* i *sendibréf* n ‘sendebrev’ (jf. *senda* v. ‘sende’).

Stoda er litt meir innfløkt i bokmål. Når det gjeld sterke substantiv og adjektiv, er grunnforma identisk med stommen (jf. *solbrille*, *langhelg*). Når det gjeld linne substantiv og verb, er det gjort to ulike framlegg om korleis base- og fugestrukturen bør analyserast. Ein kan sjå førelekken og grunnforma som identiske og argumentera for at samansetjing er ordformbasert (jf. NRG: 61f.). Eller så kan ein seia at førelekken i t.d. *jenteklær* består av stommen *jent-* og fugeelementet *-e-*, og då konkluderer ein med at samansetjing i bokmål også er stomnbasert (jf. Johannessen 2001).

Det er ikkje heilt opplagt korleis ein skal avgjera om *e*-en i slike samansetningar er eit fugeelement, eller om samansetjingsprosessen er basert på grunnforma. Men det er særleg eitt moment som talar for sistnemnde løysinga (Eiesland 2008: 36). Dersom eit allereie samansett lint substantiv vert kombinert med eit anna ord, står *e*-en ved lag, som t.d. i *småjenteklær*. Det er ikkje det som vanlegvis skjer med fugeelement. Det ser vi når base 1 er eit sterkt substantiv. Det heiter altså *nøtteskal* (med fuge), men *hasselnøttskal* (utan fuge). Her er det med andre ord grunnlag for å snakka om ordformbasert samansetjing. Det same gjeld samansetjing med verb som base 1. Også her står *e*-en ved lag i kompleks samansetjing. Det heiter t.d. *hoppetau* og *barnehoppetau*. Det tyder på at samansetjing i bokmål i all hovudsak er ordformbasert.

Men slik er ikkje stoda i alle norske målføre i dag. På hardingmål heiter det *ei jenta*, men *jenteklede*, *ein time*, men *timaglas* og *å hoppa*, men *hoppetog* (Johannessen 2001: 69). Her går det klart fram at samansetjing er stomnbasert med tillegg av fugeelement. Og så er det målføre som skil mellom grunnform og føreleksform, men berre hjå visse ordtypar. I tradisjonelt tromsømål er det berre linne hokjønnsord som har eit slikt skilje. Det heiter altså *ei jenta*, men *jenteklær*, men *en time* og *timeglass*, og *å hoppe* og *hoppetau*.

Med andre ord varierer base- og fugestrukturen ein god del i norsk samansetjing i dag. Variasjonen går både på tvers av ulike målføre og på tvers av ulike basetypar. Situasjonen er oppsummert i tabell 3.

gamalnorsk		hardingmål		tromsømål		bokmål	
<i>langr</i>	<i>langleggr</i>	<i>lang</i>	<i>langhelg</i>	<i>lang</i>	<i>langhelg</i>	<i>lang</i>	<i>langhelg</i>
<i>elgr</i>	<i>elgskógr</i>	<i>elg</i>	<i>elgskog</i>	<i>elg</i>	<i>elgskog</i>	<i>elg</i>	<i>elgskog</i>
<i>stofa</i>	<i>stofuhurð</i>	<i>jenta</i>	<i>jenteklede</i>	<i>jenta</i>	<i>jenteklær</i>	<i>jente</i>	<i>jenteklær</i>
<i>bani</i>	<i>banasár</i>	<i>time</i>	<i>timaglas</i>	<i>time</i>	<i>timeglass</i>	<i>time</i>	<i>timeglass</i>
<i>senda</i>	<i>sendibréf</i>	<i>hoppa</i>	<i>hoppetog</i>	<i>hoppe</i>	<i>hoppetau</i>	<i>hoppe</i>	<i>hoppetau</i>
stomnbasert -----> ordformbasert							

Tabell 3: Utvikling og variasjon i base- og fugetilhøve i samansetjing

Her er stomnbasert og ordformbasert samansetjing markert med høvesvis mørkegrå og kvit bakgrunn. Lysegrå bakgrunn indikerer at stomn og grunnform er identiske, dvs. at det er uråd å skilja mellom stomnbasert og ordformbasert samansetjing. Vi kan tolka jamføringa med gamalnorsk og den synkrone variasjonen i notidsnorsk som eit utslag av ein gradvis diakron overgang ifrå stomnbasert til ordformbasert samansetjing.

5 Bortfall av ordlagingsmønster

Til slutt skal vi taka føre oss endringar som truleg har ført til at ordlagingsmønster har gått or bruk. For at eit ordlagingsmønster skal kunna overleva, er det viktig at motivasjonssambanda som ligg til grunn, står

ved lag. Samtidig veit vi at ordtilfanget endrar seg over tid. Det er ulike faktorar som verkar inn på utviklinga av eit motivasjonsmønster.

5.1 Ljodendringar

På uttrykkssida er det naturlegvis dei fonologiske endringane i språket som står sentralt. Til dømes ser ljodendringane som skjer i sein urnordisk tid, ut til å verka inn på produktiviteten til visse ordlagingsmønster. I tabell 4 har eg illustrert korleis dei to motivasjonsmønstra for adjektiv-abstrakt på *-ip* og *-in* utviklar seg ifrå urnordisk til gamalnorsk.

Urnordisk		Gamalnorsk			Tyding
* <i>fagr(ar)</i>	: * <i>fagriþ(ð)</i>	<i>fagr</i>	: <i>fegrð</i>	<i>fagrleik(r)</i>	'venleik'
* <i>swang(ar)</i>	: * <i>swangiþ(ð)</i>	<i>svang(r)</i>	: <i>svengd</i>		'svolt'
* <i>miuk(ar)</i>	: * <i>miukiþ(ð)</i>	<i>mjúk(r)</i>	: <i>mýkt</i>	<i>mjúkleik(r)</i>	'mjukleik'
* <i>digr(ar)</i>	: * <i>digiþ(ð)</i>	<i>digr</i>	: <i>digrð</i>	<i>digrleik(r)</i>	'tjukkleik'
* <i>brāþ(ar)</i>	: * <i>brāþin(ð)</i>	<i>bráð(r)</i>	: <i>bræði</i>		'bråskap'
* <i>mōþ(ar)</i>	: * <i>mōþin(ð)</i>	<i>móð(r)</i>	: <i>méði</i>		'trøttleik'
* <i>bert(ar)</i>	: * <i>bertin(ð)</i>	<i>bjart(r)</i>	: <i>birti</i>	<i>bjartleik(r)</i>	'bjartleik'
* <i>hwīt(ar)</i>	: * <i>hwītin(ð)</i>	<i>hvít(r)</i>	: <i>hviti</i>	<i>hvítleik(r)</i>	'kvitleik'

Tabell 4: Ljodleg utvikling av adjektivabstrakt på *-ip* og *-in* og tilhøyrande adjektiv

Bolken på venstresida syner at det er eit klårt motivasjonsmønster mellom substantiva og adjektiva i urnordisk. Men på veg til gamalnorsk skjer det fleire ljodendringar, både i rotvokalismen til substantivet og delvis også adjektivet, og i substantivsuffifikset. Til dømes vert [a]-en i **fagriþō* fremja gjennom *i*-omlyd. I suffifikset *-ip* vert den korte [i]-en synkopert. Det inneber at konsonanten i suffifikset vert ståande rett attmed stомнuljoden og utviklar seg til tre variantar, [θ], [d] og [t], avhengig av ljodkvaliteten til stомнuljoden. I sum kan vi slå fast at dei formelle motivasjonssambanda mellom base og avleiing har vorte svekte gjennom desse ljodendringane.

Det at tilhøvet mellom base og avleiing har vorte tilslørt på denne måten, kan ha bidrege til at dei to ordlagingsmønstra allereie i gamalnorsk tid har mist nylagingsevna si (Seip 1924). Det syner seg m.a. ved

at vi berre finn erveord blant dei tilhøyrande adjektiva i slike par. Og for det andre dukkar det opp avløysingar med andre suffiks i gamalnorsk. Som vi ser i nest siste kolonnen i tabell 4, er det særleg suffikset *-leik* som er føretrekt i denne funksjonen. Fem av dei åtte substantiva i tabellen har fått eit avløysarord på *-leik*. Det illustrerer at eit døyande ordlagingsmønster som regel vert avløyst av eit tevlande mønster.

5.2 Semantiske endringar

Ei anna årsak til at motivasjonsmønster kan verta svekte, er at tydinga til dei relaterte orda endrar seg. I urnordisk finst det eit suffiks *-īn* som er nytt til å laga verbalsubstantiv. Desse verbalsubstantiva uttrykkjer opphavleg berre sjølve verbalhandlinga, som i **lausīni* ‘løysing (frå)’, som er avleidd av verbet **lausijan* ‘løyse’. Men i gamalnorsk har mange av desse avleiringane fått ei spesialisert, ofte konkret tyding. Til dømes tyder substantivet *fórn* opphavleg ‘føring’, men så skjer det ei metonymisk utviding ifrå sjølve verbalhandlinga, altså føringa eller overføringa, til gjenstanden for verbalhandlinga, altså det som blir overført. I gamalnorsk tyder *fórn* først og fremst ‘gave; offer’. Liknande tydingsovergangar skjer i fleire avleiringar på *-īn*, jf. *heyrn* f ‘hørysle’ (< ‘det å høre’, jf. *heyra* v. ‘høre’), *lōgn* f ‘not, vad’ (< ‘utlegging’, jf. *leggja* v. ‘leggje’; Torp 1909: XLV), *mōrn* f ‘trollkvinne’ (< ‘knusing’, jf. *merja* v. ‘knuse’).

Som vi ser av rotvokalismen i fleire av dei involverte substantiv-verb-para i desse døma, kan formelle og semantiske endringar i motivasjonssamband gå hand i hand. Det deverbale motivasjonsmønstret på *-n* i gamalnorsk er altså svekt både formelt og semantisk, og ordlagingsmønstret som byggjer på dette motivasjonsmønstret, er ikkje i bruk lenger. Nye verbalsubstantiv vert i gamalnorsk laga på andre måtar, t.d. med suffikset *-ing* eller *-an* (jf. *blezing* f, *blezan* f ‘velsigning’ ← *bleza* v. ‘velsigne’ < gamalengelsk).

6 Moglege årsaker

Etter denne stutte gjennomgangen av endringstypar i norsk ordlagning reiser spørsmålet seg om moglege årsaker til endringar i ordlagningssystemet. Det er særleg lagnaden til dei urnordiske suffiksa ein har freista

å forklåra i litteraturen. Til liks med meir generelle forklăringer av språkendring meiner ein at utviklinga av ordlagingsmønster er styrt av indre og ytre faktorar. Seip har mest tru på fyrstnemnde typen:

Når de gamle suffiksene mistet sin produktivitet eller iallfall fikk den ned-satt, skyldtes det ikke bare at de ble synkopert, så deres suffiksale karakter gikk mer eller mindre tapt. Et viktig moment var uten tvil at på samme tid virket omlyd og brytning til å skille avlede ord fra grunnordet og fra hinannen innbyrdes. Herved blev det nødvendig for språket å få *nye* suffikser. (Seip 1955: 28)

Same typen argument finn ein òg i nyare litteratur. Munske (2002: 33) er inne på spørsmålet om suffiks som utgjer ei eiga staving, er meir herdige mot ljodleg reduksjon. Det er likevel ikkje utan vidare opplagt at suffiksreduksjon og endring i rotvokalisme uunngåeleg fører til at eit ordlagingsmønster sluttar å verka. Til dømes er mønstret med feminine abstraktavleiningar på *-i* framleis produktivt i andre varietetar av germansk trass i at det har gått igjennom same typar ljodendringar som i urnordisk (jf. sveitsartysk *Cüüli* ‘det å vera cool’, av *cool* ‘kul’). Det kan tyda på at semantisk slitasje kan ha vore meir avgjerande for lagnaden til dei urnordiske avleiingsmønstra.

Andre forskrarar sokjer hovudårsaka til at gamle avleiingsmønster gjekk or bruk i den allmenne stagnasjonen og oppløysinga av den gamalnorske skriftnorma (Indrebø 1951: 171; Karker 1967: 644):

Dei framande avleidings-endingane var til meins for heimleg ordlaging. Det norske folket stod ikkje brått jamstelt med den store grannen sunnanfyre i kultur denne tidi. Og folket vanta åndssjølvstende og åndsmakt både til å hævda gammal mål-arl og til å nytta ut frævingsevnna i sitt eige mål. Det skapa difor ikkje av sitt eige måltilfang det nye som trøngst. (Indrebø 1951: 171)

I nyare forsking forklårar ein gjerne språkendring som eit samspel av indre og ytre drivkrefter. Ljodleg tilsløring og semantisk slitasje kan såleis ha gått hand i hand med presset ifrå tevlande ordlagingsmønster, både med heimleg (jf. *-leik*) og framandt (jf. *-heit*) opphav, når visse avleiingssuffiks gjekk or bruk i sein urnordisk og i mellomnorsk tid.

Det er her ikkje rom for å gå nærmare inn på drivkraftene bak endringane i norsk ordlaging. Målet med denne artikkelen har vore å gjeva eit

riss av dei viktigaste endringstypane i utviklinga av ordlagingssystemet frå urnordisk og fram til vår tid.

Litteratur

- Bjorvand, Harald, og Fredrik Otto Lindeman. 2000. *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. Oslo: Novus forlag.
- Brinton, Laurel J., og Elizabeth Closs Traugott. 2005. *Lexicalization and Language Change*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Carr, Charles T. 1939. *Nominal compounds in Germanic* (= St Andrews University publications No. XLI). London: Oxford University Press.
- DN = Diplomatarium Norvegicum. Dokumentasjonsprosjeket. Tilgjengeleg på <http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/om_dn.html>.
- de Vries, Jan. 1977. *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. Zweite verbesserte Auflage. Leiden: E. J. Brill.
- Eiesland, Eli Anne. 2008. "Skal vi sittetadanse?" Verb-verb-sammensetninger i norsk. Upubl. masteroppgåve, Institutt for lingvistiske og nordiske studiar, Universitetet i Oslo.
- Falk, Hjalmar. 1888. "Nominale stammbildungslehre der altgermanischen dialecte von Friedrich Kluge, Halle 1886." *Arkiv för nordisk filologi* 4: 349–369.
- Indrebø, Gustav. 1951. *Norsk målsoga*, utg. Per Hovda og Per Thorson. [Bergen: John Griegs boktrykkeri].
- Johannessen, Janne Bondi. 2001. "Sammensatte ord." *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 19: 59–91.
- Karker, Allan. 1967. "Orddannelsen." I: *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid*, bd. XII, red. Finn Hødnebø, 639–645. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Kinn, Torodd. 2007. "Den historiske utviklinga til ord på -vis." *Maal og Minne* 2007: 9–28, 158–186.
- Kjelds, Niels Tonnisen. 1954. *Suffixal derivation in New Danish*. [Philadelphia.]
- Krahe, Hans, og Wolfgang Meid. 1969. *Germanische Sprachwissenschaft. III Wortbildungslære*. Berlin–New York: Walter de Gruyter.
- Munske, Horst Haider. 2002. "Wortbildungswandel." I: *Historische Wortbildung des Deutschen*, red. Mechthild Habermann mfl., 23–40.

- Tübingen: Max Niemeyer Verlag.
- NRG = Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Seip, Didrik Arup. 1924. Om vilkårene for nedertyskens innflytelse på nordisk. I: *Festskrift tillägnad Hugo Pipping på hans sextioårsdag den 5 november 1924* (= Svenska litteratursällskapet i Finland 175), 472–477. Helsingfors: [Mercators tryckeri].
- Seip, Didrik Arup. 1955. *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. – 2. utg. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Skastrup, Peter. 1947. *Det danske sprogs historie. Andet bind: Fra Unionsbrevet til Danske lov*. [København:] Gyldendalske Boghandel og Nordisk forlag.
- Torp, Alf. 1909. “Gamalnorsk ordavleiding.” I: Hægstad, Marius, og Alf Torp. 1909. *Gamalnorsk ordbok med nynorsk tyding*, XXVIII–LXXI. Kristiania: Det Norske Samlaget.

Philipp Conzett
UiT Noregs arktiske universitet
philipp.conzett@uit.no

Endre-boka

Postfestumskrift
til
Endre Mørck

Redigert av
Gulbrand Alhaug
Tove Bull
Aud-Kirsti Pedersen



NOVUS FORLAG
OSLO 2014